

Førde kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 06.02.2015
Møtestad: Førde rådhus, møterom 447 Haukedalen
Møtetid: Kl. 09:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet. Revisor i sak 003/15.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme tlf: 57 61 27 85 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Skriv og meldingar 1-2015
003/15	Revisor sin eigenvurdering av uavhengigheit
004/15	Årsmelding 2014 - Førde kontrollutval
005/15	Møteplan 2015 for Førde kontrollutval
006/15	Oppfølgingsliste 1-2015
007/15	Eventuelt

Med helsing

Anne Lise Bekjorden
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 06.02.2015	Saksnr 001/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/106
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 06.02.2015	Saksnr 002/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/103
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 1-2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	30.01.2015	Fylkesmannen sin tilsynsrapport for Førde kommune som barnehagemyndigheit i perioden 2.7.-27.11.2014	15/237
2	30.01.2015	Fylkesmannen sin rapport frå folkehelseilsyn i Førde kommune datert 18.12.2014	15/238
3	30.01.2015	BY-054/14 Årsbudsjett 2015, handsama i bystyret 11.12.2015	15/236
4	27.01.2015	Årsrapport 2014 - Skatteoppkrevjaren i Førde kommune	15/189
5	23.01.2015	Kopi av brev frå KRYSS Revisjon til Førde kommune	15/222
6	13.01.2015	Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat	15/79

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.



TILSYNSRAPPORT

Kommunen som barnehagemyndigheit

Førde kommune

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	4
2. Om tilsynet med Førde kommune	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit	4
2.2 Tema for tilsyn	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet	4
2.4 Om tilsynsrapporten	5
3. Godkjenning, barnehagelova § 10	5
3.1 Rettsleg krav	5
3.2 Fylkesmannen si undersøking	6
3.3 Fylkesmannen si vurdering	6
3.4 Fylkesmannen sin konklusjon	6
4. Familiebarnehagar, barnehagelova § 11	7
4.1 Rettsleg krav	7
4.2 Fylkesmannen si undersøking	7
4.3 Fylkesmannen si vurdering	7
4.4 Fylkesmannen sin konklusjon	8
5. Frist for retting av lovbrøt	8
6. Kommunen sin frist til å rette	9

Samandrag

Tema

Det er gjennomført tilsyn med tema kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 8. Hovudtema for tilsynet er kommunen som godkjenningsmyndigheit, jf. barnehagelova §§ 10 og 11.

Formål med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å styrke kommunen si rolle som barnehagemyndigheit. Gjennom tilsynet ønskjer Fylkesmannen å setje søkelys på barnehagemyndigheita sitt ansvar for å sikre etterleving av krava i barnehagelova, både for kommunen som barnehagemyndigheit og for den enkelte barnehage. Gjennom kontroll med at kommunen følgjer opp ansvaret sitt på dette området, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

Enkelte av kommunen sine oppgåver er særskilt regulerte i barnehagelova kap. IV *"Barnehagemyndigheita sine generelle oppgåver"*. Ansvaret inneber mellom anna kommunen si plikt til godkjenning av barnehagar før verksemda/tilbodet vert opna, jf. barnehagelova §§ 10 og 11. Ansvaret gjeld for kommunale og ikkje – kommunale barnehagar og familiebarnehagar.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med Førde kommune som barnehagemyndigheit 15.02.2012. Då vart det ført tilsyn med barnehagelova §§ 10, 11, 16, 17, 18 og 17. Fylkesmannen gav eit avvik under tilsynet. Avviket var at Førde kommune ikkje hadde godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova. Førde kommune fekk frist til å lukke avviket til 06.06.2012. Fylkesmannen godtok utsetjing av frist for lukking av avvik etter søknad frå Førde kommune. Ny frist vart sett til 01.11.2012.

Førde kommune har etter purringar ikkje dokumentert lukking av lovbrøt i samband med barnehagelova §§ 10 og 11, godkjenning. Fylkesmannen opna difor nytt tilsyn for å følgje opp og kontrollere om Førde kommune har retta opp lovbrøtet.

Gjennomføring

Førde kommune har til saman 16 barnehagar der 12 er kommunale og fire er ikkje - kommunale. Ein av dei kommunale barnehagane er familiebarnehage organisert i tre ulike avdelingar. To av dei kommunale barnehagane er organiserte som avdeling lagt til skule. Tilsynet er utført ved gransking av innsendt dokumentasjon.

Avdekka lovbrøt

Førde kommune har ikkje vedtak om godkjenning av 10 kommunale og tre ikkje – kommunale barnehagar etter krav fastsett i barnehagelova jf. barnehagelova §10.

Status på rapporten og vegen vidare

Etter forvaltningslova § 16, fekk Førde kommune 17.10.2014 tilsendt førebels tilsynsrapport med varsel om pålegg. Førde kommune fekk høve til å uttale seg før endeleg vedtak blir fatta med fastsett frist 07.11.2014. Fylkesmannen har 12.11.2014 motteke brev frå Førde kommunen der dei godtek varsel om lovbrøt.

1. Innleiing

Fylkesmannen har i perioden frå 02.07.2014 til 27.11.2014 gjennomført tilsyn med Førde kommune som barnehagemyndigheit.

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av lovbrøt som er avdekka under tilsynet. Fristen er 02.03.2015

Dersom lovbrota ikkje er retta innan desse fristane, vil Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d.

2. Om tilsynet med Førde kommune

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 andre ledd. Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit er tilsyn med dei lovpålagde oppgåvene til kommunen, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane i forvaltningsretten. Tilsynet skal vere prega av openheit, likebehandling og skal kunne etterprøvast og gjennomførast på ein effektiv måte.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, vert dette sett på som lovbrøt, uavhengig av om det er barnehagelova eller forskrift til barnehagelova som er brote.

2.2 Tema for tilsyn

Det er gjennomført tilsyn med tema kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 8. Hovudtema for tilsynet er kommunen som godkjenningssmyndigheit, jf. barnehagelova §§ 10 og 11.

2.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Førde kommune vart opna gjennom brev 02.07.2014. Kommunen er pålagd å leggje fram dokumentasjon for Fylkesmannen med heimel i kommunelova § 60 c.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på gransking av innsendt dokumentasjon. Innhaldet i dokumentasjonen er kontrollert opp mot krav fastsette i barnehagelova.

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement for kommunen
- kommunale vedtekter for barnehagane
- vedtekter frå ikkje – kommunale barnehagar
- godkjenningsdokumentasjon alle barnehagar

2.4 Om tilsynsrapporten

Denne førebelse tilsynsrapporten inneheld frist for retting av ulovleg forhold avdekka under tilsyn, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 02.03.2015.

Dersom forholdet ikkje er retta innan den fastsette rettefristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på etter reglane for dette i forvaltningslova, jf. forvaltningslova kapittel VI.

3. Godkjenning, barnehagelova § 10

3.1 Rettsleg krav

Godkjenning, barnehagelova § 10

«Kommunen avgjer søknad om godkjenning etter ei vurdering av om barnehagen er eigna i forhold til formål og innhald, jf. §§ 1, 1a og 2. Kommunen kan ved godkjenning setje vilkår for drifta med omsyn til tal barn, barna sin alder og opphaldstid. Klage på kommunen sitt vedtak skal sendast fylkesmannen».

Kommunen er godkjenningsmyndigheit og godkjenner barnehagar ut frå søknad. Ved godkjenning skal kommunen gjere ei konkret vurdering av om barnehagen er eigna i høve krav jf. barnehagelova §§ 1 og 2 og vurdere om dei fysiske rammene, dvs. om lokala og uteområda er eigna for drift av barnehage. Kommunen skal fastsetje leike- og opphaldsareala inne, vurdere om bemanninga er forsvarleg og at krava til pedagognorm er halden. Kommunen skal kontrollere vedtektene til dei ikkje – kommunale barnehagane.

Ved godkjenning vert det i tillegg stilt krav om godkjenning etter anna regelverk.

Dokumentasjon frå desse godkjenningane skal ligge som vedlegg i saksutgreiinga og visast til i enkeltvedtaket:

- plan- og bygningslov med byggforskrifter
- forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr
- forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule
- arbeidsmiljølova
- forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn

Godkjenninga av barnehagar er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova kapittel 5. Vedtaket skal vere skriftleg grunngjevast og syne tilgang til klagerett.

Kunnskapsdepartementet kom i 2006 med rettleiar for godkjenning av barnehagar. Rettleiaren gir informasjon og råd om korleis kommunane skal handsame søknad om godkjenning og kva som skal ligge til grunn for godkjenningsvedtaket.

Det er forventa at alle kommunale og ikkje – kommunale barnehagar som er godkjende etter 2006 er godkjende i samsvar med presiseringane i rettleiaren.

3.2 Fylkesmannen si undersøking

Fylkesmannen har undersøkt innlevert dokumentasjon, og innhaldet i dokumentasjonen er kontrollert opp i mot krav fastsette i barnehagelova. Vi har kontrollert tidspunkt for godkjenning av kommunale og ikkje – kommunale barnehagar, og vurdert godkjenningane ut frå presiseringar i rettleiaren av 2006.

3.3 Fylkesmannen si vurdering

Førde kommune har levert dokumentasjon på alle kommunale og ikkje – kommunale barnehagar. Av desse er det ein kommunal og ein ikkje – kommunal barnehage som er godkjende før 2006. Fylkesmannen har granska barnehagane som er godkjende etter 2006.

Fylkesmannen har vurdert om godkjenningsvedtak viser til korrekt heimel for vedtaket jf. barnehagelova § 10, og er utforma i tråd med dei formelle krava i forvaltningslova, jf. forvaltningslova kapittel 5.

Dokumentasjonen viser at alle kommunale og tre ikkje – kommunale barnehagar har godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule og Kunnskapsdepartementet sitt godkjenningsskjema F-4198. Nærleiken barnehage har mellombels godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern.

Førde kommune har godkjent Viebøen og Hatlehaugen barnehage før 2006. Dokumentasjonen viser at barnehagane er godkjende etter miljøretta helsevern i barnehage og skule og Kunnskapsdepartementet sitt godkjenningsskjema F-4198. Fylkesmannen vurderer godkjenningane som er gjort før 2006 som tilfredsstillande i samsvar med lov om barnehagar og tilhøyrande rettleiar frå Kunnskapsdepartementet.

3.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Førde kommune har laga vedtak om godkjenning på dei kommunale og ikkje - kommunale barnehagane.

Fylkesmannen vurderer at vedtaka på 11 kommunale barnehagar og to ikkje - kommunale barnehagar ikkje stettar krav fastsett i barnehagelova § 10 og enkeltvedtak med opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.

Nærleiken barnehage må ha endeleg godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern.

Førde kommune får varsel om pålegg på desse punkta.

4. Familiebarnehagar, barnehagelova § 11

4.1 Rettsleg krav

Godkjenning av heimane, forskrift om familiebarnehage § 3

«Virksomheten skal fortrinnsvis foregå i bebodde hjem. Ved godkjenning av det enkelte hjem og eventuelle baselokale skal det vurderes om hjemmet og lokalet egner seg for familiebarnehagedrift.»

Ved godkjenning av familiebarnehage skal både verksemda si organisering og heimen godkjennast. Godkjenning av verksemda si organisering inneber ein formell kontroll av at familiebarnehagen tilfredsstiller krav i eller i medhald til barnehagelova.

Kommunen skal ved godkjenning vurderer om heimen er eigna for formålet. Godkjenning etter denne paragrafen inneber at familiebarnehagen er ei pedagogisk verksemd som vert rettleia av barnehagelærar og tilbodet er i samsvar med innhaldet i rammeplanen. Lokala i familiebarnehagen bør godkjennast ut frå eit bestemt tal barn.

Godkjenning av familiebarnehagar skal gjerast ut frå barnehagelova § 11, forskrift om familiebarnehagar §§ 2 og 3 og med enkeltvedtak etter forvaltningslova kapittel 5. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve og gi tilgang til klagerett.

4.2 Fylkesmannen si undersøking

Fylkesmannen har undersøkt innlevert dokumentasjon, og innhaldet i dokumentasjonen er kontrollert opp mot krav fastsette i barnehagelova. Vi har undersøkt tidspunkt for godkjenning av familiebarnehagar og vurdert godkjenningane ut frå presiseringar som kom i samband med rettleiaren av 2006.

4.3 Fylkesmannen si vurdering

Førde kommune har levert dokumentasjon på ein kommunal familiebarnehage som er organisert i fem avdelingar.

Fylkesmannen fekk i tilbakemelding etter førebels rapport frå Førde kommune 12.11.2014 informasjon om at avdeling Hornesbøen 17 er lagt ned frå august 2014. Fylkesmannen sine vurderingar er difor på dei fire avdelingane organisert som kommunal familiebarnehage.

Fylkesmannen har vurdert om vedtaka viser til barnehagelova § 11 og forskrift om familiebarnehagar §§ 2 og 3. Vi har kontrollert om vedtaka er formulerte som enkeltvedtak jf. forvaltningslova kapittel 5.

Fylkesmannen har granska familiebarnehagane som er godkjende etter 2006. Fylkesmannen vurderer godkjenningane som er gjort før 2006 som tilfredsstillande i samsvar med lov om barnehagar og tilhøyrande rettleiar frå Kunnskapsdepartementet.

Vedtak på avdeling Hornesbøen 15 syner ei vurdering av om heimen er eigna til drift av familiebarnehage jf. barnehagelova § 11, forskrift om familiebarnehage §§ 2 og 3. Det inneheld informasjon om klagerett jf. forvaltningslova kapittel 5.

4.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Dokumentasjonen viser at familiebarnehagane har godkjenning etter miljøretta helsevern i barnehage og skule.

Fylkesmannen vurderer vedtaket på avdeling Hornesbøen 15 som eit enkeltvedtak i samsvar med krava i barnehagelova § 11, forskrift om familiebarnehage §§ 2 og 3 og forvaltningslova kapittel 5. Godkjenning av avdelinga tilfredsstiller krav fastsette i lova.

5. Frist for retting av lovbrøt

Fylkesmannen har jf. barnehagelova § 10 konstatert lovbrøt. I denne rapporten får Førde kommune frist til å rette dei ulovlege forholda, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 02.03.2015. Kommunen må innan denne datoane sende Fylkesmannen ei melding om at dei ulovlege forholda er retta, og ei utgreiing om korleis lovbrota er retta.

Dersom forholdet ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på etter reglane i forvaltningslova, jf. forvaltningslova kapittel VI. Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Førde kommune får følgjande pålegg om retting, og er ikkje lovbrøtet retta innan fristen vert det gjort slikt vedtak:

1. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Halbrend barnehage jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.
2. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Prestebakken barnehage jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.
3. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Slåttebakkane barnehage jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.

4. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Solsida barnehage avdeling Haugum og Toene jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.
5. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Solvang barnehage jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.
6. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Tusenfryd barnehage jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.
7. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Vieåsen barnehage jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.
8. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Sunde barnehage jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde enkeltvedtak med opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.
9. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Vie barnehage jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.
10. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Ytre Hafstad barnehage jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.
11. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Karstad barnehage jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.
12. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Holsen barnehage jf. barnehagelova § 10 med vurdering etter §§ 1 og 2. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.
13. Førde kommune får pålegg om å lage enkeltvedtak på Nærleiken barnehage med endeleg godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern jf. barnehagelova § 10. Vedtaket skal innehalde opplysningar om klageretten etter forvaltningslova kapittel 5.

6. Kommunen sin frist til å rette

Som nemnt i kapittel 5 ovanfor, har kommunen fått frist for å rette dei ulovlege forholda som er konstaterte i denne rapporten.

Frist for retting er 02.03.2015.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Bodhild Therese Cirotzki

rådgjevar



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsynet med kommunen sitt arbeid med å halde jamleg oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar etter lov om folkehelsearbeid

i Førde kommune

Kommunen si adresse: postboks 338, Hafstadvegen 42, 6802 Førde

Tidsrom for tilsynet: 23.06.2014 – 18.12.2014

Kontaktperson i kommunen: Øystein Høyvik, einingsleiar fagutvikling og koordinering

Samandrag

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomførte 18. – 19. november 2014 tilsyn med Førde kommune.

Tilsynet var ein del av det første landsomfattande tilsynet med folkehelsearbeidet i kommunane som fylkesmennene gjer hausten 2014 etter oppdrag frå Statens helsetilsyn.

Tema for tilsynet var kommunen sitt arbeid med å halde jamleg¹ oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på denne.

Målsetjinga for tilsynet var å sjå etter at kommunar som ikkje hadde sett i gang systematisk, jamleg oversiktsarbeid, kjem i gang med dette.

Fylkesmennene fekk i tillegg i oppdrag å kartlegge det jamlege oversiktsarbeidet i kommunar der arbeidet var kome i gang, og ut frå denne kartlegginga gje kommunen ei rettleiande vurdering av status for arbeidet.

Fylkesmannen sin konklusjon ved tilsynet:

Det er ikkje avdekka avvik frå krav om jamleg oversiktsarbeid etter folkehelselova.

Ansaret for folkehelsearbeidet i Førde kommune er lagt til rådmannen. Kommunen har ulike interne møteplassar som mellom anna vert nytta til styring av folkehelsearbeidet. Kommunen har avtale om interkommunalt samarbeid med folkehelseavdelinga i Flora kommune om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving. Folkehelseavdelinga i

¹ Statens helsetilsyn har avklåra med Helsedirektoratet om å omsetje *løpende* oversikt til *jamleg* oversikt.

Flora har på vegner av mellom anna Førde kommune starta prosjekt for utarbeiding av fire-årlege oversiktsdokument, samt system og metodar for å oppdatere dokumentet. Det jamlege oversiktsarbeidet som del av kommunen sitt styringssystem er delmål i prosjektet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vurderer at Førde kommune er kome kort med det systematiske jamlege oversiktsarbeidet. Kommunen bør avklare ansvar og oppgåvedeling mellom folkehelseavdelinga i Flora og eigen organisasjon i oversiktsarbeidet. Kommunen bør også definere og tydeleggjere plassering av ansvar for oppfølging av oversiktsarbeidet i leiargruppa.

Kommunen bør ut frå dei folkehelseutfordringane og ressursane den alt har identifisert ta stilling til kva tema den jamleg skal følgje med på/ha jamleg oversikt over, og kva kunnskapskjelder som er aktuelle å bruke. Ved val av tema bør kommunen ta omsyn til faktorar som kan føre til sosiale skilnader i helse. I det vidare arbeidet må kommunen også ta stilling til korleis og kor ofte den vil hente inn erfaringsbasert kunnskap, og sørge for at denne kunnskapen blir brukt på ein systematisk måte i det jamlege oversiktsarbeidet.

Kommunen må ta stilling til kva fagkompetanse som er nødvendig i den faglege vurderinga, og sikre nødvendig opplæring av tilsette som skal bidra i oversiktsarbeidet. Kommunen bør avklare korleis det tverrfaglege og sektorovergripande perspektivet skal sikrast i vurderinga.

Kommunen bør også ta stilling til korleis det jamlege oversiktsarbeidet skal dokumenterast, og sikre at tilsette som har ansvar og oppgåver i oversiktsarbeidet har felles forståing for korleis kommunen dokumenterer arbeidet.

Tilsynet er avslutta.

Dato: 18.12.2014

Anne Eli Wangen
revisjonsleiar

Björg Eikum Tang
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing	4
2. Skildring av kommunen.....	4
3. Gjennomføring av tilsynet	5
4. Kva tilsynet omfatta	5
5. Fylkesmannen sin konklusjon ved lovlegkontrollen	6
6. Fylkesmannen si kartlegging og vurdering av status for kommunane sitt jamlege oversiktsarbeid	7
7. Regelverk	8
8. Dokumentunderlag	8
9. Deltakarar ved tilsynet.....	9

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn 18. – 19. november 2014 med Førde kommune.

Tilsynet var ein del av det landsomfattande tilsynet med kommunane sitt folkehelsearbeid som fylkesmennene gjennomfører hausten 2014 etter oppdrag frå Statens helsetilsyn.

Tema for tilsynet var kommunen sitt arbeid med å halde jamleg oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på denne.

Fylkesmannen har fått myndigheit til å føre tilsyn med korleis kommunen oppfyller plikter pålagt i eller i medhold av §§ 4–9 og §§ 27–30 i lov om folkehelsearbeid (folkehelselova). Fylkesmannen sitt tilsynsansvar og myndigheit følgjer av folkehelselova § 31, jf. kommunelova § 10A.

Dette første landsomfattande tilsynet med kommunane sitt folkehelsearbeid har følgjande innretning:

1. Lovlegkontroll
Fylkesmannen undersøker om kommunen har kome i gang med eit jamleg oversiktsarbeid. Der fylkesmannen konkluderer med avvik, vert kommunen følgd opp til tilhøva er retta.
2. Rettleiande vurdering av kommunen sitt jamlege oversiktsarbeid:
I kommunar der fylkesmannen konkluderer med at eit jamleg oversiktsarbeid har kome i gang, skal dette arbeidet kartleggast. Fylkesmannen gjev kommunen ei tilbakemelding i form av ei rettleiande vurdering av status. Kommunane står fritt i høve til om, og i kva grad, dei følgjer opp denne vurderinga.

2. Skildring av kommunen

Førde er regionsenter i Sunnfjord, og er den største kommunen i Sogn og Fjordane i innbyggjartal. Kommunen hadde 12 685 innbyggjarar ved årsskiftet. Kommunen har hatt gjennomsnittleg folketalsvekst på 1,4 % i perioden 2006 – 2013, og ventar framleis vekst. Kommunen har ein relativt ung folkesamansetnad. Kommunen har 9 grunnskular, 12 kommunale barnehagar og 3 ikkje kommunale barnehagar. Det er fleire vidaregåande skular i kommunen. Fagskulen i Sogn og Fjordane og Høgskulen i Sogn og Fjordane har avdelingar i Førde. Kommunen har relativt mange sysselsette innan service- og varehandel. Førde har i tillegg mange offentlege arbeidsplassar. Helse Førde Førde sentralsjukehus er den største arbeidsplassen i kommunen med 1400 arbeidsplassar. Arbeidsløysa er låg.

Kommunen er organisert etter ein tilnærma tonivå-modell der mynde i stor grad er delegert ut i organisasjonen, hovudsakeleg til einingsleiarar. Rådmannen si leiargruppe består av ass.rådmann/ kommunalsjef for økonomi, kommunalsjef for barnehage og skule, kommunalsjef for helse og omsorg og kommunalsjef for kultur, teknisk og næring. Ansvar for folkehelsearbeidet er lagt til rådmannen. Kommunen har ulike interne møteplassar som mellom anna vert nytta til styring av folkehelsearbeidet. Kommunen har tilsett folkehelsekoordinator i 50 % stilling, lagt til eining i rådmannen sin stab. Frå 01.01.2015 blir det tilsett kommuneoverlege i 50 % stilling.

Gjeldande kommuneplan med samfunnsdel vart vedteken 22.05.2014. I følgje samfunnsdelen skal folkehelseperspektivet som eit av fire tverrfaglege perspektiv vere sentralt i kommunen

sitt vidare planarbeid. Kommunen har utarbeidd eigne faktadeler med informasjon og statistikk som grunnlag for samfunnsdelen og ny helse og omsorgsplan. Faktagrunnlaget skal oppdaterast etter kvart som ny informasjon /data blir gjort tilgjengeleg.

Kommunen har avtale om interkommunalt samarbeid med folkehelseavdelinga i Flora kommune. Folkehelseavdelinga har oppgåver for Førde kommune når det gjeld miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse. Folkehelseavdelinga i Flora har på vegner av mellom anna Førde kommune starta prosjekt for utarbeiding av fire-årlege oversiktsdokument, samt system og metodar for å oppdatere dokumentet. Det jamlege oversiktsarbeidet som del av kommunen sitt styringssystem er delmål i prosjektet.

Dei intervjuar opplyste at kommunen har utfordringar knytt til psykisk helse og fedme blant born og unge. Kommunen kjem også dårlegare ut enn landssnittet på tal personskadar behandla i sjukehus og plager knytt til muskel- og skjelettsystemet.

3. Gjennomføring av tilsynet

Varsel om tilsyn vart sendt ut 23.06.2014.

Gjennomgang av aktuell informasjon før tilsynsbesøket: Sjå kapittel om dokumentunderlag.

Opningsmøte vart halde 31.10.2014

Intervju

15 personar som vart intervjuar.

Gjennomgang av dokumentasjon under tilsynsbesøket: Sjå kapittel om dokumentunderlag.

Sluttmøte vart halde 19.11.2014

4. Kva tilsynet omfatta

Tilsynet omfatta kommunen sitt arbeid med å halde jamleg oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på denne (folkehelselova §§ 5, 30, jf. 27, forskrift om oversikt over folkehelsa §§ 3 og 4).

Bakgrunn for valet av jamleg oversiktsarbeid som tilsynstema

Oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar er ein naudsynt føresetnad for at kommunane skal ha eit kunnskapsbasert grunnlag for planlegging og tiltak på folkehelseområdet. Kravet til kommunen om å ha slik oversikt var derfor eit naturleg temaval for det første landsomfattande tilsynet med kommunane sitt folkehelsearbeid.

Kommunane skal både ha jamleg oversikt, og kvart fjerde år (neste gang innan hausten 2016) ha utarbeidd eit samla oversiktsdokument som del av grunnlaget for planstrategien sin. Tilsyn med folkehelsearbeidet i kommunen skal vere tilpassa den fireårige plansyklusen i kommunen. Sidan det landsomfattande tilsynet skulle gjennomførast hausten 2014, vart det retta mot kommunane sitt *jamlege* oversiktsarbeid.

Lovlegkontrollen ved tilsynet

Tilsynet hadde som målsetjing å sjå til at kommunar som ikkje hadde sett i gang systematisk, jamleg oversiktsarbeid, kom i gang med dette. Å *ha kome i gang* inneber at kommunen gjennom sin internkontroll har lagt til rette for at det jamlege oversiktsarbeidet kan gjennomførast slik folkehelselova og forskrift om oversikt over folkehelsa legg opp til, og at det er aktivitet på området.

Det vart undersøkt

- om arbeidet hadde ei tilstrekkeleg forankring i kommuneleiinga
- om det var avklart kva tilhøve det jamleg ville være naudsynt å innhente oppdaterte opplysningar om
- om det var lagt til rette for å kunne nytte aktuelle sentrale og lokale kunnskapskjelder
- om det var lagt opp til at arbeidet med å innhente, gjennomgå og vurdere opplysningane hadde ei tverrsektoriell innretning
- om oppgåvefordelinga var avklart og gjort kjent for involverte einingar/sektorar
- om det var sørgt for at medarbeidarane hadde tilstrekkelege kunnskapar og dugleik til å utføre oppgåvene sine, og om kommunen hadde sørgt for å ha naudsynt samfunnsmedisinsk kompetanse
- om kommuneleiinga følgde med på at det jamlege oversiktsarbeidet var kome i gang og at det skjedde aktivitetar på området

Kartlegging og rettleiande vurdering av det jamlege oversiktsarbeidet

I tillegg til sjølve lovlegkontrollen, hadde det landsomfattande tilsynet som målsetjing å bidra til at kommunar som allereie hadde starta opp eit jamleg oversiktsarbeid, vidareutvikla dette. Med utgangspunkt i dei aktuelle lovkrava gjennomførte fylkesmannen i desse kommunane ei kartlegging av kommunen sitt jamlege oversiktsarbeid. Kartlegginga danna grunnlaget for ei tilbagemelding til kommunen i form av ei rettleiande vurdering av status for kommunen sitt jamlege oversiktsarbeid.

Folkehelseloven og forskrift om oversikt over folkehelsa overlèt i stor utstrekning til kommunen sjølv å vurdere, ut frå lokale tilhøve og prioriteringar, kva som er naudsynt innhald og omfang av opplysningar og vurderingar i kommunen sin jamlege oversikt.

Aktuelle tema som var ein del av fylkesmannen si kartlegging og vurdering (ikkje uttømmende):

- kommunen si tilrettelegging/styring
- kva kommunen hadde avgjort å følgje med på sett opp mot dei folkehelseutfordringane kommunen hadde identifisert
- om kommunen hadde teke stilling til kva for opplysningar som skulle hentast inn frå kva kjelder og i kva utstrekning opplysningane vart henta inn
- i kva omfang det vart gjort faglege vurderingar av dei innhenta opplysningane
- i kva omfang det fanst skriftleg dokumentasjon av opplysningar og vurderingar

5. Fylkesmannen sin konklusjon ved lovlegkontrollen

Det er ikkje avdekka avvik frå krav om jamleg oversiktsarbeid i folkehelselova § 5, jf. §§ 30, 27, og forskrift om oversikt over folkehelsa § 4 jf. § 3.

6. Fylkesmannen si kartlegging og vurdering av status for kommunane sitt jamlege oversiktsarbeid

Kommunen si tilrettelegging og styring

Folkehelsearbeidet er forankra hjå rådmannen. Folkehelsearbeidet er del i ordinære planprosessar. Kommunen sitt oversiktsarbeid er knytt opp til fasar i planprosessane.

Kommunen har gjort avtale med folkehelseavdelinga i Flora om miljø retta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving. Folkehelseavdelinga har på vegner av kommunen starta prosjekt med utarbeiding av oversiktsdokument. I det vidare arbeidet skal kommunen peike ut ei arbeidsgruppe av tre tilsette som representerer plan, helse/folkehelse og oppvekst/undervisning som skal samle inn data og erfaringsbasert kunnskap lokalt. Det er ikkje avklart korleis tilsette i kommunen skal bidra med innsamling av data og vurderingar. Kommunen vil implementere oversiktsdokumentet og arbeidet med jamleg oversikt i eige plan- og styringssystem.

Vurdering:

Kommunen er kome kort med det systematiske jamlege oversiktsarbeidet. Kommunen bør avklare ansvar og oppgåvedeling mellom folkehelseavdelinga i Flora og eigen organisasjon i oversiktsarbeidet. Kommunen bør også definere og tydeleggjere plassering av ansvar for oppfølging av oversiktsarbeidet i leiargruppa.

Kva tema/område kommunen har avgjort å følgje med på, ut frå identifiserte folkehelseutfordringar

Kommunen sine folkehelseutfordringar er identifisert i samfunnsdelen. I planarbeidet brukar kommunen data frå statlege, fylkeskommunale og lokale kjelder. Tilsette som arbeider med å koordinere dei overordna planprosessane kjem med framlegg til tema og kva kjelder som skal nyttast. Framlegga vert drøfta og godkjende i leiargruppa.

Einingane følgjer med på utfordringar og faktorar som kan påverke helsetilstanden for grupper innafor eige tenesteområde. Folkehelseavdelinga i Flora skal bidra med å identifisere aktuelle tema/område til oversiktsarbeidet. Kommunen har sjølv ikkje teke stilling til kva tema som er nødvendig å ha jamleg oversikt over, eller kva kunnskapskjelder som er aktuelle å bruke.

Vurdering:

Kommunen bør ut frå dei folkehelseutfordringane og ressursane den alt har identifisert ta stilling til kva tema den jamleg skal følgje med på/ha jamleg oversikt over. Ved val av tema bør kommunen ta omsyn til faktorar som kan føre til sosiale skilnader i helse. Kommunen bør også avklare korleis ansvar og oppgåvedeling skal vere mellom folkehelseavdelinga i Flora og tilsette i eigen kommune i dette arbeidet.

Innhenting av opplysningar og bruk av kunnskapskjelder

I planarbeidet brukar kommunen alt data frå statlege, fylkeskommunale og lokale kjelder. Tilsette som arbeider med å koordinere planprosessane kjem med framlegg til tema og kva kjelder som skal nyttast. Utanom det overordna planarbeidet har kommunen ikkje teke stilling til kva opplysningar som jamleg skal hentast inn til oversiktsarbeidet, og kva kunnskapskjelder som er aktuelle å bruke.

Vurdering:

Kommunen må ta stilling til kva ulike kunnskapskjelder som er aktuelle å bruke ut frå val av tema. Kommunen bør ta stilling til korleis den vil bruke statistikk/ faktagrunnlag som kommunen alt har på fleire av tenesteområda i oversiktsarbeidet. I det vidare arbeidet må kommunen også ta stilling til korleis og kor ofte den vil hente inn erfaringsbasert kunnskap. Kommunen må sørge for at denne kunnskapen blir brukt på ein systematisk måte i det jamlege oversiktsarbeidet.

I kva omfang det er gjort faglege vurderingar av dei innhenta opplysningane

Kommunen skal som del av prosjektet med utarbeiding av oversiktsdokument peike ut ei arbeidsgruppe som er tiltenkt oppgåver knytt til innhenting og tverrfagleg vurdering av data. Gruppa skal bestå av tre tilsette som representerer plan, helse/folkehelse og oppvekst/undervisning. Gruppa skal samle inn data og erfaringsbasert kunnskap lokalt.

Det er førebels ikkje avklart kven som skal delta i arbeidet. Det er heller ikkje avklart om og korleis andre tilsette i kommunen skal bidra i det jamlege oversiktsarbeidet. Det er ikkje avklart kva kompetanse som er nødvendig i tillegg til samfunnsmedisinsk kompetanse, som blir ivareteke av folkehelseavdelinga i Flora og kommuneoverlege i Førde.

Vurdering:

Kommunen må ta stilling til kva anna fagkompetanse som er nødvendig i den faglege vurderinga, og sikre nødvendig opplæring av tilsette som skal bidra i oversiktsarbeidet. Kommunen bør avklare kven som skal delta i arbeidet. Kommunen bør også avklare korleis den vil sikre det tverrfaglege og sektorovergripande perspektivet i dette arbeidet.

I kva omfang det fanst skriftleg dokumentasjon av opplysningar og vurderingar

Opplysningar om utvalde tema er dokumenterte i utfordringsnotat til planstrategi og faktadel til samfunnsdel og helse- og omsorgsplan. Tilsette i ulike sektorar har delteke i vurderinga av faktagrunnlaget i desse planprosessane.

Kunnskap /data frå eigne tenesteområde blir brukt ved årsrapportering. Nokre tenesteeiningar har utført og dokumentert eigne kartleggingar. Utfordringar i tenesteområda blir drøfta i einingsbesøk. Det blir skrive referat frå møta.

Vurdering:

Kommunen bør ta stilling til korleis det jamlege oversiktsarbeidet skal dokumenterast og sikre at dokumentasjonen er lett tilgjengeleg. Kommunen bør sikre at tilsette som har ansvar og oppgåver i oversiktsarbeidet har felles forståing for og kjenner til korleis kommunen dokumenterer arbeidet.

7. Regelverk

Lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelselova)
Forskrift 28. juni 2012 nr. 692 om oversikt over folkehelsen

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon oversendt i forkant av tilsynet:

- Organisasjonskart
- Administrativt delegeringsreglement
- Eigenkontrollsystem – orden i eige hus

- Etablering av interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving; vedtak frå Førde bystyre
- Rapport om oppretting av interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving
- Avtale mellom kommunane Førde og Flora om interkommunal samarbeid knytt til miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving
- Søknad til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om midlar til prosjekt/arbeid med helseovervaking
- Informasjonsbrev til samarbeidskommunar om prosjektarbeid knytt til helseovervaking
- Kommunal planstrategi 2012 – 2016
- Kommunal planstrategi – utfordringsnotat til påbyrja planarbeid
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 – 2026
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 – 2026 – Faktadel
- Handlingsdel til kommuneplanen 2015 – 2018 (høyringsutkast)
- Kommuneplanen sin arealdel 2014 – 2026, utdrag frå konsekvensutgreiing og ROS-analyse
- Helse- og omsorgsplan 2015 – 2026 – Faktadel til påbyrja planarbeid
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan
- Kulturplan 2013 – 2020
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017
- KS-styringskurs knytt til Samhandlingsreforma: statusrapport for Førde kommune

Dokumentasjon gjennomgått under tilsynsbesøket:

- Prosjektplan frå interkommunal folkehelseavdeling om samarbeid om helseoversikt
- Prosjektplan for kommuneplanprosess, Samfunnsdel 2014 – 2016 og arealdel 2014 – 2026
- Oversikt over status i arbeidet med helseoversikt i Førde kommune pr november 2014

9. Deltakarar ved tilsynet

I tabellen under er det gjeve ei oversikt over deltakarane på opningsmøtet og sluttmøtet, og over dei personane som vart intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Doris Rutledal	folkehelsekoordinator	X	X	X
Jan Helge Dale	rådgjevar samfunnsmedisin	X	X	X
Liv Janne Bell Jonstad	utviklingskoordinator	X	X	X
Magne Kjetil Berg	einingsleiar NAV Førde	X	X	X
Kari Valle	utviklingskoordinator	X	X	X
Elisabeth Solheim	leiar interkommunal folkehelseavdeling	X	X	X
Øystein Høyvik	einingsleiar fagutvikling og koordinering	X	X	X
Asbjørn Knapstad	einingsleiar PPT	X	X	
Lillian Vassbotten	fagleiar helsestasjon	X	X	X
Odd Harry Strømsli	einingsleiar byggesak og arealforvaltning	X	X	X
Mona Kidøy Svalheim	einingsleiar legesenter og rehabilitering	X	X	X
Trond Ueland	kommunalsjef	X	X	X

Helge Sæterdal	kultur/teknisk/næring kommunalsjef	X	X	
Kurt Even Andersen	barnehage/skule kommunalsjef helse og omsorg	X	X	X
Ole John Østenstad	rådmann	X	X	X
Steffen Ben Jonstad	controller	X		X

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltok:

Arnt Erik Nordheim, seniorrådgjevar, juridisk avdeling, revisor

Björg Eikum Tang, seniorrådgjevar, helse og sosialavdelinga, revisor

Anne Eli Wangen, fylkessjukepleiar, helse og sosialavdelinga, revisjonsleiar

Merete Steen, seniorrådgjevar, Statens helsetilsyn, observatør



Førde kommune

Styre, råd og utval	Møtedato	Saksnr
Finanskomite	06.11.2014	004/14
Arbeidsmiljøutvalet	10.11.2014	015/14
Finanskomite	13.11.2014	005/14
Finanskomite	20.11.2014	006/14
Formannskapet	27.11.2014	074/14
Finanskomite	27.11.2014	007/14
Eldrerådet	02.12.2014	017/14
Ungdomens bystyre	02.12.2014	
Kom. råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.12.2014	020/14
Bystyret	11.12.2014	054/14

Sakshandsamar:
Lise Mari Haugen

Arkiv:
FE-150

Arkivsaknr.:
14/1274

Årsbudsjett 2015

Vedlegg:

Framlegg til årsbudsjett 2015 – Førde kommune

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.11.2014	Årsbudsjett 2015 - Rådmannen sitt framlegg til vedtak	149702
02.12.2014	Framlegg til nytt punkt 3.1.2 i budsjettdokument for 2015	151199
05.11.2014	Fritak § 5	149095
05.11.2014	Fritak § 7	149096
06.11.2014	Referat frå drøftingsmøte - budsjett 2015	149175
06.11.2014	Sak 041.14 Budsjett for kontrollutvalet i Førde 2015.pdf	147382
02.12.2014	Merknader til årsbudsjett 2015	151175
02.12.2014	Brukar og pårørande utvalet	151118
04.12.2014	Merknader til årsbudsjettet for 2015 frå UBIF.docx	151464

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til driftsbudsjett og investeringsbudsjett for Førde kommune år 2015 vert vedteke slik det går fram av dokument datert 31. oktober 2014.
2. Eigedomsskattetakstvedtekter i Førde kommune vedteke i bystyret 13.12.2012 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2015, jf. esktl. § 10.
3. For 2015 skal det skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav a.
4. Den alminnelege skattesatsen for skatteåret 2015 er 6,2 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
5. Differensiert skattesats for eigedomar med sjølvstendige bustaddelar for skatteåret 2015 er 2,6 promille. Denne satsen skal også gjelde for fritidsbustadar

- jf. esktl. § 12 a.
6. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar. Terminane vert sett til 15. februar, 15. mai, 15. august og 15. november.
 7. Fritak for eigedomar etter eigedomsskattelova § 7 vert gjeve for fylgjande eigedomar:
 - a. eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.
 - b. bygningar som har historisk verdiFrist for å søke fritak for eigedomsskatt for skatteåret 2016 etter eigedomsskattelova § 7 er 1. oktober 2015.
Liste over eigedomar som er fritakne etter § 7 a og b etter tidlegare vedtak følgjer som vedlegg.
 8. Godkjenning av låneopptak:
